



Fløysand Va AS  
Fløksand  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 19/1158 - 19/12731

Saksbehandlar:  
Larissa Dahl  
larissa.dahl@meland.kommune.no

Dato:  
06.06.2019

## Godkjenning -løyve til utslepp av avløpsvann frå hytte - Minirensanlegg - gbnr 54/16 Husebø

Tiltak: Installasjon av minirensanlegg  
Byggestad: Gbnr: 54/16 Skjelangervegen 858  
Tiltakshavar: Jens Husebø  
Ansvarleg søkjar: Fløysand Va AS

### Delegert sak DS 131/2019

#### Saksutgreiing:

##### Tiltak

Saka gjeld søknad om utskifting av utsleppsanlegg frå slamavskiljar til minirensanlegg frå fritidsbustad på Husebø gbnr 54/16. Det er innlagt kommunalt vatn i fritidsbustad frå før av.

I samsvar med søknad, motteke 13.05.19, skal avlaupet reinsast i biologisk/kjemisk minirensanlegg, før reinsa avlaupsvatn skal førast til bekk med heilårvassforsyning. Plassering av utsleppsanlegg er vist på motteke situasjonskart datert 08.05.19, motteke 13.05.19.

#### Nabovarsling

Det er ikkje påkravd nabovarsel eller samtykkje i saka då leidningstrase og utsleppstad er uendra, ligg på eigen grunn og vurderast som utbetring av eksisterande situasjon.

#### Erklæring om ansvarsrett

Føretaket Hjelmås VVS AS har erklært ansvarsrett jf. plan- og bygningslova § 23- 3 i dokumentasjon, motteke den 13.05.19.

#### Vurdering:

Eigedomen ligg i eit område med krav til reinsing av avlaupsvatn i biologisk/kjemisk minirensanlegg. Det er ikkje mogeleg å føra avlaupet til sjø.

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Minireinseanlegget skal ha dokumentasjon som tilfredsstillende NS-EN 12566-3 eller tilsvarende standard for reinsegrad, slamproduksjon og gjennomsnittleg slamproduksjon.

Minireinseanlegget skal drivast og vedlikehaldast i samsvar med skriftleg drifts- og vedlikehaldsavtale. Slik avtale skal liggje føre før anlegget vert teke i bruk.

Eigar av anlegget er ansvarleg for eventuell forureining, jfr § 7 i forureiningslova. Utsleppsløysinga det her er søkt om, er etter Meland kommune si vurdering, i samsvar med gjeldande krav i området. Administrasjonen kan difor gje utsleppsløyve som omsøkt i medhald av «Forskrift om begrensing av forureining» sin § 12-5.

### **Vedtak**

«Meland kommune gjev i medhald av «Forskrift om begrensing av forureining» sin § 12-5, utsleppsløyve frå fritidsbustad, 5 PE, på gbnr 54/16 på Husebø, i samsvar med søknad motteke 13.05.19 på følgjande vilkår:

1. Avlaupet skal gå via typegodkjend biologisk og kjemisk minireinseanlegg der det reinsa avlaupsvatnet vert ført til bekk med heilårsvassforsyning på eigedom gbnr 54/16.
2. Slam frå anlegget skal leverast til godkjend mottak.
3. Det skal opprettast skriftleg serviceavtale med leverandør av minireinseanlegget før anlegget vert teke i bruk.

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-3 vert det gjeve løyve til etablering av avlaupsanlegg på gbnr 54/16 Husebø i samsvar med søknad, motteke 13.05.19. Anlegget skal plasserast som vist på situasjonsplan motteke 13.05.19, jf plan- og bygningslova § 29-4.»

\*\*\*\*\*

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 19/1158**

### **Ansvar**

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

